Førsteblad

1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. XV

Tilleggsspørsmålnr. ~~XXXXXXXXXXXXXXXXX~~ 6 ~~XXXXXX~~

Emne: Folkelege musikkinstrument

Oppskr. av: Ola Rudvin (f. 1899)

(adresse): Hammerstadgt. 12 B II, Oslo

Fylke: Buskerud

Herad: Hemsedal

Bygdelag:

Gard:

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Såg aldri lur (: bygdemålet: lu m.) i min oppvekst. Dette instrumentet var visst kome hilt or bruk (likeså det gamle prillarhornet). Men før i tida var både lur og prillarhorn nytta i bygda. – Om luren kunne vera utstyrd med halmpipe e. likn. kan eg sjølvis ikkji seia noko om. Orda halme og harpipe er ukjende for meg.

*

Rangler av heimegjord slag kan eg ikkji minnast å ha sett. Men truleg kan såvore ha funnest. Eit og anna – tilfelleleg – til å skramla med let dei nok borna få, liksom leiker elles av ymse slag.

*

Å smella ein (papir)pose med luft og smella med smelle-blomen på handbaken var kjende ting for meg som smågut. Men kor gamal skikken var, veit eg ikkje. (Limde papirposar var av nyare datum). Deisa til glår hoddi eg lese om, og eg freista på det. Å slå knallperler (til børse-patron) var i bruk

7113

av oss smågutar, men skikken kan ikkje
vera gamal (avdi knallperlene ikkje er så
svært gamle). – Trever knytte til smell og
skot høyrde eg ikkje om i min oppvekst. –

Av andre ting til å laga låt med,
kan nemnast:

1. Stylken av lövetann som er oppmjuka i smalenden ved å haldast innåt varmen. Ein bles i tjukkenden, held på tunnenden med fingrane og let så lufta sleppe brått til. Då surrar tunnenden.

2. Tunn treflis el. trefjør i ei sprunge mellom to tjukkare fliser. Svirre-ljod.

3. Eit sterkt, breivore blad (byggaks-blad) utspent mellom fingrane. Svirreljod.

4. Kråkeskrelle (el. = smelle), som ikkje berre var eit leika, men som vart nytta til å skræma kråkene vekk. Ljoden vart laga ved at eit fjørande trespile small mot ein riflut rull, som vart dregen rundt.

Hertil kom så slike til som fløyte (plistre) laga av geitol, svirre-fløyte laga av visen lushatt (ved eit knivsnitt ned i stylken, og blåsing i hendene.



Riss av kråkeskrelle.



Fløyte av geit-ol



I ein lushatt= eller tyri-hjelm-stylk (som det heitte hjå oss) skar ein eit snitt oppe i smalenden, og bles så frå hin enden. Det laga ein svirre-ljod.

19-5-52. O. Rudvin

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

7113